

Gudbrandsdalsseminaret 2018  
**Kven eig naturressursane?**



Maihaugen onsdag 31. januar 2018

# Kven eig naturressursane?

Frå dei eldste tider har det eksistert eit visst spenningsforhold mellom konge og allmuge om allmenne rettar i utmark og fjell. Under det dansk-norske styret på 1600- og 1700-talet og sidan etter 1814 var det utvikla eit rettsgrunnlag for forvaltninga av desse naturressursane gjennom statsallmenningar, bygdeallmenningar og lokale sameiger. På lokalt initiativ kom kravet om lokale fjellstyre til som ein del av forvaltninga.

Gjennom hundreåra har kongen og bygdene, sidan staten og kommunane forvalta dei felles ressursane, stundom i harmoni, andre gonger med ulike syn. Det gjeld allmenningar, det gjeld jakt og fiske.

Konsesjonslovene vedtekne av Stortinget tidleg på 1900-talet etablerte vasskrafta som ein nasjonal ressurs. Ressursen burde høyre til det nasjonale fellesskapet. Sidan låg 90 % av utbygd kraft på offentlege hender, stat, fylke og kommunar. I 1990 gjorde Stortinget vedtak om ei energilov som gjorde elektrisk kraft til ei handelsvare. I forhold til eigarskap og ein aukande grad av internasjonalisering blir det interessant å sjå kvar lokale krafteigarar blir ståande i energispørsmål

Det siste halve hundreåret med ei stadig større utnytting av naturen til industrielle føremål og fritidsbruk, vart det oppretta nasjonalparkar og verneområde ikkje minst kring Gudbrandsdalen. Det har vore ei ønskjeleg utvikling, men også ei utvikling som delvis har vore i motstrid med hevdvunne interesser i bygdene.

# Program

09:30	Registrering og kaffe		
10:00	Velkomen	Kristin Loe Kjelstad	Fylkeskonservator/ Oppland fylkes- kommune
10:15	Jotunheimen- Breheimenprosjektet på 1970-talet – kraftoptimis- mens tilbakeslag	Ivar Teigum	Historikar/pensjonist
10:45	Elektrisk kraft som handelsvare frå 1990	Asbjørn Ringen	Tidlegare redaktør i GD/ pensjonist
11:15	Kaffepause		
11:30	Konsesjonslovenes historie og framtid	Lars Thue	Professor emeritus i økonomisk historie
12.00	Verneområda i Gudbrands- dalen	Hans Olav Bråtå	Forskar, Østlands- forskning
12:30	Lunsj		
13:30	Allmenningar - opphav og tidleg utvikling.	Jakup Skjedsvoll	Jordskiftedommar h.v.
14:00	Kjelder og prov til rettar i utmarka	Cæcilie Stang	Førstearkivar, Arkiv- verket/Statsarkivet i Hamar
14:30	Allmenningar på 1900- talet, særleg bygde- allmenningar	Sæbjørn Forberg	Sekretær i Norsk all- menningsforbund
15:00	Kaffepause		
15:15	Fjellov og fjellstyre	Irene Runningen	Seniorkonsulent eiendom, Statskog
15:45	Synspunkt på Gudbrands- dalsseminaret gjennom ti år	Kirsti Krekling Per Hvamstad Oddvar Romundset	Arne Skuterud leiar diskusjonen
16:15	Avslutting		

# Påmelding

**Bindande påmelding innan  
15. januar 2018 kan sendast til:**

Maihaugen  
Maihaugvn 1  
2609 Lillehammer  
Tlf 61 28 89 00  
Epost: [post@maihaugen.no](mailto:post@maihaugen.no)

For spørsmål, kontakt:  
Kåre Høsar  
906 27 881

Ved påmelding, oppgje:  
Namn

Adresse, fakturaadresse  
Tlf og epostadr

Lunsj er inkludert, men meld ifrå om  
særskilde matbehov

\*\*\*\*\*  
Etter seminaret blir foredraga lagt ut på  
[www.farkiv.no](http://www.farkiv.no)

**Arrangørar:**

**OPPLAND**  
fylkeskommune



**Maihaugen**



Bilete lasta frå internett

**Seminaravgift:**  
Seminaravgifta er 600 kr

Avgifta kan betalast ved påmelding  
til konto 1503 23 53824  
Merk med Gudbrandsdals-  
seminaret og namn



**Gudbrandsdal  
Historielag**



**Gudbrandsdalsmusea**